



SAKSGANG

Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Utval for helse og skule	25.05.2010	020/10	HV

Saksansvarleg: Helge Vreim

Arkiv: K2-
F40, K3-&13

Arkivsaknr.: 10/451

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

HØRINGSUTTALE FRÅ BØ KOMMUNE. NOU 2009:22. DET DU GJØR, GJØR DET HELT.**Vedlegg:** Sammendrag av NOU 2009:22. Det du gjør, gjør det helt

Saksomtale: Rådmannen meiner at dette er eit av dei viktigaste dokumenta som har kome som høringsutkast frå sentralforvaltninga på lenge. Det vert også markert ved at tre ulike departement som står som avsendar av utgreiinga. Det er xx

Framlegg til høringsuttale er:

Generelt:

Fagmiljøa i Bø kommune har vore opptekne av desse problemstillingane over lang tid, og har i den samanhangen etablert "Tverrfagleg forum for barn og unge" som eit reiskap. I samband med det kriminalitetsførebyggjande arbeidet har vi også eit godt fungerande nærmiljøutval som eit viktig møte mellom kommune, politi og det friviljuge. Vi har også hatt ein omfattande og grundig prosess i arbeidet med ny delplan TAKT som er vedteken i kommunestyret 10. mai 2010. Som grunnlag for den politiske handsaminga har vi hatt temamøte om tilgrensa område både i HS-utvalet og i kommunestyret.

Vi helsar denne utgreiinga som har ført til NOU 2009:22 velkomen, men vil også peike på at med høyringsfrist 1. september er det for lite tid til å få arbeidd så grundig som vi kunne ønskje oss med høyringa.

Vi vil difor kommentere kort det vi meiner er dei viktigaste aspekta.

FORANKRING AV INDIVIDUELL PLAN I GRUNNSKULELOVA OG BARNEHAGELOVA, SAMT OPPNEMNING AV PERSONLEG KOORDINATOR FOR ALLE.

Dette er eit svert viktig steg på vegen til ei betre koordinering av innsats i høve til barn og unge. Alt for ofte ser vi at utan denne overordna lovtilknytninga i desse lovene så er den tverrfaglege tenkinga i for stor grad eit individuelt ansvar for den einskilde medarbeidar og leiar. At det er dokumentert at

individuell plan har ført til betre samordning innom dei lovområda som vert omfatta av denne i dag, bør vere eit godt nok argument for dette. Like klart ser det ut til å vere at oppnemning av personleg koordinator for alle som har individuell plan vil styrke dette arbeidet. Det er likevel god grunn til å peike på at dette viktige, men og omfattande tiltaket, krev at kommunane har eit realistisk økonomisk grunnlag for dette arbeidet.

Styrking av psykologikompétansen i kommunen.

Vi ser heilt tydeleg at den psykiske helsetilstanden for barn og unge har blitt forverra gjennom dei siste åra. Vi har og prøvd å finne løysingar med å få etablert psykologkompetanse i kommunen eller regionalt, utan å lukkast. Truleg er usikre stillingsheimlar i ei økonomisk turbulent tid, og mangelen på samla fagmiljø som psykologen kan knytast til nokre av hindringane for å lukkast i å få dette på plass. Styrking av dette fagområdet ved tydelegare reglar i lov- og forskriftsverk er eit viktig bidrag til å sikre større stabilitet, men det må vere fleksible organisatoriske løysingar dersom dette skal ha verknad. Øyremerka midlar er eit velkjent og kraftfullt instrument for å nå viktige faglege mål, men det må ligge ein garanti for vidareføring av tiltaket dersom dei øyremerka midlane blir borte. Det gjeld både i høve il lov og forskrift, og i høve til kommuneøkonomien.

Kartlegging.

For kort tid sidan la det såkalla Midtlyngutvalet fram si tilråding i NOU 2009:18 Rett til læring. Her vert mange av dei same problemstillingane som vert drøfta i NOU 2009:22 tekne opp, men da med utgangspunkt i opplæringssektoren.

Det vert presisert kor viktig det er å legge g til rette for tidleg innsats i høve til individuell problemutvikling. For å få dette til på rett tidspunkt og med egna tiltak ønskjer ein å utvikle eit nasjonalt kartleggingssystem. Kartlegginga skal omfatte både den sosiale, emosjonelle og atferdsmessige utviklinga. Det er lett å vere einig i utvalet sin ambisjon, men når ein seier at dette skal gjennomførast utan tilførsle av ressursar til skule, barnehage, helsestasjon eller hjelpetenester, så er vi redde for at dette blir ord utan innhald. Det er ikkje utfylling av eventuelle skjema som er det kritiske punktet, men heller naudsynt tilgang på relevant kompetanse og tid nok til drøftingar og refleksjon. I og med at tid er pengar må ein også her minne om dei økonomiske rammene for arbeidet.

Rettskrav på barnevernstenester.

Med utgangspunkt i at barn i dag er definert som et individ med sine egne rettar og interesser, er det truleg på tide med ei barnevernlov som ikkje bare regulerer tenesteytinga, men som også gjev barn ein rett til tenester ut frå gjevne kriterium. Vi trur at det vil føre til at terskelen for å ta kontakt med tenesta vil bli lægre. Dette vil igjen vere eit viktig bidrag til å fange opp problemstillingar og komme i gang med tidleg innsats.

Teieplikt.

Vi seier oss samde med utvalet når dei påpeikar at teieplikt ikkje må koma il hinder for å gje barn og unge dei tilboda dei treng. Sjølv sagt på ein slik måte at personverninteressene vert ivaretekne. Velfungerande informasjonsutveksling er ein føresetnad for gode totaltilbod, og det må ikkje vere den einskilde fagperson som skal avgjera om barnet eller den unge skal få det beste tilbodet.

Ein gjennomgang av både lovverk og prosedyrekrav/skjema i forhold til å sikre at mottakaren sine behov for koordinerte tenester ikkje vert overprøvde av dei einskilde tenestene sine tradisjonar og interesser.

Vising til barne- og ungdomspsykiatrien.

Vi seier oss også samde i at det bør vurderast å gje fleire faggrupper rett til å vise barnet/eleven/den unge til barne- og ungdomspsykiatrien. I utgangspunktet kan det virke fornuftig å gje denne retten både til PP-teneste, psykolog og helsesyster, men her trengst det djupare analyse enn det vi kan gjera m.a. i høve til kompetansekrav..

Konklusjon.

Bø kommune vil i hovudsak slutte seg til dei observasjonane og vurderingane som utvalet legg til grunn for sine tilrådingar. Bø kommune støttar difor i hovudsak tilrådingane frå utvalet, men vil samstundes peike på dei økonomiske utfordringane som vil følgja med både på kort og på lang sikt.

Vi legg ved TAKT-planen, vedteke i kommunestyret 10. mai til høyringa

Rådmannen
tilrår:

1. Bø kommune oversender høringsuttala som Bø kommune si uttale.
2. TAKT-planen vert lagt ved høyringa som vedlegg.

HS-020/10
Vedtak:

Som tilrådinga frå rådmannen. **Samrøystes.**